



## Årsmelding 2021

### Sogndal Turlag

**Styret i 2021 har vore sette saman slik:**

Ove Ellingsen, leiar

Leif Longvanes, kasserar

Anne-Britt Reppen Halset, styremedlem

Toril Mulen, styremedlem

Lisbeth Dahle, styremedlem

Eldar Venes, styremedlem

Anne Skaar, styremedlem

Silje Storevik Moe, varamedlem

Tom Dybwad, varamedlem

#### Aktivitetar

Det har vore gjennomført 9 styremøte med til saman 56 saker. I tillegg er det gjennomført aktivitet og turar i undergrupper som er gjort greie for under. Årsmøte i Sogn & Fjordane turlag vart gjennomført i mars, etter utsettingar grunna Covid-19. Sogndal Turlag har hatt eit godt samarbeid med Luster turlag også i år og vonar på eit vidare samarbeid. Marie B. Sørum er tilsett i 50% fast stilling.

Sogndal Turlag har hatt god aktivitet sjølv om året har vore prega av pandemi, me har gjennomført 7 fotturar og 4 skiturar. Det har vore gjennomført 3 kajakkurs og 2 kajakkturar av Torill M. Mulen for Sogndal Turlag. Me kan sjå at turar i nærområdet med utfordringar rundt logistikk er populære. Me har også fått på plass ein ny turlagshytte, Kollsetestølen i Sogndalsdalen.

#### Økonomi

Aktivitetene i Sogndal turlag har auka monaleg dei siste åra, noko som også kjem til uttrykk i økonomien til laget. I 2020 hadde laget om lag kr 580 000 i inntekter, som er auka til om lag kr 940 000 i 2021. Oppretting av organisasjonsstillinga har medført at Sogndal Turlag har teke på seg faste forpliktingar i eit omfang som er nytt for laget, men stillinga medfører både auka aktivitet og inntekter til laget. Styret vurderer at økonomien i laget er trygg, men på mellomlang sikt må inntektene auke dersom vi skal oppretthalde dei faste forpliktingane som laget har.

Styret legg fram rekneskapen for 2020 med eit underskot på om lag kr 98 000.

#### Hyttenemnda – Grøssete

Hyttenemnda består av Jorunn Fjermestad, Torbjørn Stokke, og Magne Eikås. I desember 2020 vart det helikoptertransport av ved og materialer til stien. Av vedlikehald er nordveggen og vindaugestasjonene måla. Elles litt reperasjoner inne, t.d. nytt glas i omnsdøra. Skrifte av sengekle og grundig vask vert gjort i oktober. Frå november 20,- oktober 21 har det vore 116 overnattingar, noko som er ny rekord! Hyttestyret ser det som ein fordel at hytta vert førehandstinga, det gjer det enklare med kontroll over bruk og betaling.

#### Hyttenemnda- Kollsetestølen

Hyttenemnda består av Jørn Stenehjem, Arne Aarvold, Jon Midtun, Linda Kollsete og Eldar Venes. Ved nyttår 2021 ble det inngått ein 10-års leigeavtale av hytta på Kollsetestølen. Det vart dugnadsbasert istandsetting på våren, der alt vart rydda og vaska godt. Ny koketopp, madrassar, sengekle og anna småting. Offisiell opning av hytta for allment bruk vart laurdag 4.september med eit arrangement saman med BT der mellom anna varaordførar møtte opp og sa nokon velvalte ord.



### DNT ung- Gro Hagen og Ingrid

Våren 2021 starta DNT ung ein gruppe i Sogndal. Dei har i hovudsak arrangert lågterskelturar som går frå sentrum, der fokuset skal vere på å kose seg på tur. På våren ble det 2 lengre turar og 3 kveldsmatturar. Den mest populære turen var til bållassen på Stedje den 6. mai, der vart det laga kanelsnurrar på bål. I haust har me vore uheldige med været. Totalt har me hatt 25 deltararar på 10 turar. UNG har eiga instagram- og facebook side for å lettare nå ut til målgruppa. I haust har dei annonser turane på sosiale medie og hengt opp plakatar rundt omkring i sentrum. Me vil gjerne ha med fleir i DNT ung gruppa!

### Barnas Turlag - Christina Sørheim og Sindre Børsheim

BT Sogndal har eit lite styre der Anne Skaar og Christina Sørheim stort sett har stått for organisering av turane. Dei har hatt 8 turar med totalt 115 barn og om lag 100 vaksne. Gruppa er frammoverlente og tar insjativ til samarbeid. BT gruppa er annonser med plakatar på SFT og i barnehager.

BT Leikanger har eit velfungerande styre med 5 medlem, turane deira går i området rundt Leikanger. Dei har hatt 8 turar med totalt 100 born og 90 vaksne! Turane vert annonser på FB, plakatar på Leikanger og ved eit par høve i Sogn Avis. I tillegg fekk dei laga eit mini-turprogram med info om BT, dette fekk dei delt ut på Barneskulen og barnehager.

### FTU

Gruppa består av seks personar, Tuva, Malene, Eskil og Jorunn. Dei er stort sett studentar på Høgskulen. Siden nov 2020 har dei omrent dobla aktiviteten og har stort sett hat 2 aktivitetar i mnd. Det er mellom 5 og 15 deltararar pr arrangement. Totalt har dei gjennomført 13 arrangement med om lag 150 deltararar og ledsagarar. Fantastisk dyktig gjeng!

### Sogndal Gålag

Sogndal gålag har hatt sin tredje sessong! Styret består av Bjørg Eikum Tang, Hans Jørgen Binningsbø, Arnstein Hauståker, Kari Kitty Stadheim og Vidar Lægreid. Gruppa har 220 medlem der om lag 75 er medlem i DNT. Det har vært turar kvar tysdag frå 20.april og ut oktober (unntatt juli mnd). Totalt ble det gjennomført 26 turar, med 1 144 deltararar totalt. Det har vore ca 44 deltararar på kvar tur, med unntak av turen til Fimreite med 72 deltararar. Ingen større uhell på turane. Nok ein trivelig sessong!

### Merkenemnda/Stifaddar – Anne-Britt R. Halset

I år hard det vore eit felles møte på seinsommaren som vanleg. Me har fått merka oppatt nye stiar til Sogndalseggi og Sjeggen. Me har bytta ut ein del skilt, spesielt i Øvstedalen. Me har mange flinke folk i gruppa som utfører stifadderjobben på ein god måte. Ta kontakt om du vil bidra!

### Turpostgruppa- Anne Skaar og Anne – Britt R. Halset

I år har me hatt turpostar med premiering for barn opp til 12 år. Det vart laga eit ark med info og dei ulike postane (16 stk). Arka vart dele ut på Intersport Sogndal, kulturhuset og som ranselpost ved Trudvang skule. Per 1.11.21 var 30 flasker henta som premie.

### Valnemnd

Valnemda besto i 2021 av Deta Gasser, Knut Armand Iversen og Sindre B. Ramung. Valnemnda har hatt fleire virtuelle møte i tillegg til kontakt mellom møta. Dei har i år jobba mest med å finne ny leiarkandidat, men også kandidatar til andre posisjonar i styret.

Sogndal den 08.09.2021.

Ove Ellingsen,  
Leiar Sogndal Turlag

Marie Sørum  
Organisasjonsarbeidar